

**Fra:** Folkevalde (folkevalde@hfk.no)

**Sendt:** 24.09.2018 08:09:20

**Til:** Silje Lyngstad

**Kopi:**

**Emne:** VS: Skriftleg spørsmål til fylkestinget 3. Oktober

**Vedlegg:**

---

**Fra:** Beate Husa <beate.husa@gmail.com>

**Sendt:** 23. september 2018 22:26

**Til:** Folkevalde <folkevalde@hfk.no>; Anne Gine Hestetun <Anne.Gine.Hestetun@hfk.no>

**Emne:** Skriftleg spørsmål til fylkestinget 3. Oktober

Hei!

Eg sender med dette inn følgende spørsmål til fylkestinget 3. Oktober

Mvh

Beate Husa

Gruppeleiar KrF

Spørsmål knytt til regional plan for attraktive senter

Sidan 2008 har ei rikspolitisk føresegn om kjøpesenter vore gjeldande. Den vart iverksett som eit mellombels tiltak for å leggje til rette for ein sterkare regional samordning av politikk for etablering og utviding av større kjøpesenter. I samband med at den vart oppheva i juli i år understreka kommunal- og moderniseringsdepartementet at den statlege politikken på dette området ligg fast, men no vert dekkja av dei statlege planretningslinjer for samordna bustad, areal og transportplanlegging. Vidare seier ein at dei statlege planretningslinjene gjeld saman med måtl, føresegner og retningsliner i regionale planar i fylka.

Regional plan for attraktive senter - senterstruktur, tenester og handel (Senterplanen), vart vedtatt i Hordaland fylkesting i 2014, og det er denne typen planar ein her viser til. Det er ti andre fylke som har oppdaterte planar med regionale planføresegner for senterstruktur og handel.

1. Kan ein på fagleg grunnlag sei noko om korvidt Hordaland sin senterplan er strengare eller meir liberal enn den statlege politikken på området?
2. Kan det lagast eit notat som samanstill dei ulike fylka sine planar med tanke på å avdekke om Hordaland er meir restriktiv eller meir liberal enn andre fylke når det kjem til etablering av kjøpesenter/handel?

Sendt fra min iPad